



*Her har heile huslyden på Holen i Time stilt seg opp for fotografen i 1895. Heimahuset er frå 1830. Løa har fleire pannekledde vegger og utanfor er det både tjelm og hestevandring.*

*\* Time folkebibliotek.*

# GAMMAL GARD

## TOBIAS SKRETTING

Lunt ligg garden under grøne bakkar. Velbygd og velstelt opnar tunet seg mot meg når eg kjem. Og kjem gjer eg gjerne, om enn ikkje så ofte som hugen dreg meg. «Har du ein ven som vel du trur, far og finn han ofte,» sa våre fjerne fedrar. Og her er eg trygg, her finn eg vener.

Venleg tek du mot meg, du gamle gard. Varmt tek du meg inn mellom låge lån. Søte angar av husdyr og hevd, tunbalderbrå og mjødukt, nyberga fôr og folnande grøde, slit og sveitte og sterke nevar helsar meg i møte alt før eg ser far av folk. Mosegrodde steinborger styrer mine steg, skjerma av rogn og lønn og raudnande rips.

Gjestfri er den gamle garden. Nedervd og saman-sanka gjennom mange ættleder, fri for all kunstig høflegheit og fraudande fraser, slik er den gjestfridomen eg finn her. Det er mest som om dei gamle rudningsfolka sjølv kjem meg i møte og følgjer meg inn, kviskrar mot meg frå verslitne vegger og grovhogde steingrunnar, held liksom litt att i meg før eg stig vidare opp mot nyhusa.

Og sjølv om dei ikkje kan følgja med heilt inn i det nye, det effektive og tidhøvelege med betong og plast og larmande stål, kjenner eg likevel korleis dei krullar seg kring alt og under alt med si vernande trygd.

Gammal er garden, men ikkje gløymd. Årstider kjem og år kverv, vår og haust og travel onn nå som

før. Garden lever sitt eige liv, lovar lite, men løner vel.

Å ja, rik løn får du, menneske, om du vil veksa deg inn i alt dette. Garden skal du eiga, men støkk ikkje den dagen du vaknar og ser at det er garden som eig deg, at du høyrer til ein stad, bunden av band av ditt eige, band som ikkje brest, som du kan tru deg til og vita at dei held, har halde og skal halda. Å menneske, kor godt du har det!

Du! Midt i alt dette, og på same tid ein umissande del av det. Liv veks og liv folnar. I handa di ei sitrande ny, lubba og rund som di eiga ein gong var, men ikkje lenger er. Du minnest og ei anna hand, ei hand som alt lenge har lege i ro, men som du likevel merker i så mangt både inne og ute. Og etter dagen, med alle sine krav, den gode trygge svevn. Og ei hand du kjenner betre enn alle andre hender. Trøyt? Å ja, men ennå ikkje gammal. Også det kjem. Kvil då i fred, du rike hand. Når kvelden kjem, er kvila god!

Men du skal vera glad i livet. Glad både i det livet du ser og i det du ikkje ser. Det er mangt som lever i den gamle garden. Og du skal verna det og stella vel med det. For pengar og arverett kan du kjøpa deg juridisk eigedomsrett til garden. Men eig du han med det?

Eg seier deg: Spør sjølv, men gi tol om svaret let venta på seg. Den dagen du kjenner svaret, er du vis. Og visdommen høyrer dei grå håra til. Dei grå håra, og den gamle garden!